

# FITJAR KYRKJEBLAD

Nr 4  
SEPTEMBER 2016  
ÅRGANG 39





DEN NORSKE KYRKJA  
FITJAR

**Kyrkjekontoret:**

Postboks 10, 5418 Fitjar  
Telefon: 53 45 85 00  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Kontortider:**

tysdag - torsdag - fredag: kl.10:00 - 14:00  
onsdag kl.12:00 - 15:00

**Kyrkjeverje:**

Rydland, Harald 913 47 802  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)

**Sokneprest:**

Oma, Olav J. 906 38 825  
[olom@fitjar.kommune.no](mailto:olom@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjelydsprest:**

Lydersen, Fríðleif 471 76 743  
[frly@fitjar.kommune.no](mailto:frly@fitjar.kommune.no)

**Kantor:**

Overweg, Jan 901 97 069  
[jaov@fitjar.kommune.no](mailto:jaov@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjelydspedagog:**

Fyllingen, Silje 456 11 480  
[sfyl@fitjar.kommune.no](mailto:sfyl@fitjar.kommune.no)  
Olsen, Johannes (vikar) 913 61 574  
[jool@fitjar.kommune.no](mailto:jool@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar**

Skumsnes, Kristian 992 23 972

**Fellesrådsleiar:**

Fitjar, Rasmus 918 24 158

**Soknerådsleiar:**

Aadland, Helga Olsen 976 72 489

**Bakken barnehage:**

kontor 53 22 26 00  
[bakken.barnehage@haugnett.no](mailto:bakken.barnehage@haugnett.no)

**Gåver til nytt orgel**

kontonr. 3520.64.83812

**Gåver til kyrkjelydsprest og kyrkjelydsarbeidet**

(Skriv om du vil øyremerke gåva)  
kontonr. 3546.29.05805

Redaksjonelt



*Eg veit kven eg trur på*

**Det var tittelen på ei bok eg såg i hylla. Eg veit på kven eg trur. Det er ei sjølv-motseiing i orda. Eg trur, er ikkje det same som å vite. Å vite, er heller ikkje det same som å tru.**

**Det er utruleg mykje eg ikkje veit, men eg veit kven eg trur på.**

Olav J. Oma



Slik var det antakeleg for Paulus og.

Det var han som skreiv orda i 1. Timoteus 1,12.

Livet hans inneheldt store vanskar, store prøvingar og lidingar, som på mange vis må ha verka uforståelege. Kvifor skulle han, denne mannen som vart den viktigaste evangelisten og misjonæren i den tidlege kyrkja, få så mange vanskar? Kvifor skulle han som vart ei avgjerande kraft i spreinga av evangeliet ha så mykje motgang? Kvifor skulle han, som på eiga hand spreidde budskapen om Jesus i heile Lilleasia, sitte i husarrest i fleire år? Kvifor?

Eg trur Paulus hadde mange spørsmål, men eitt gjorde han. Han heldt fast i det han visste. Eg veit kven eg trur på. Eg trur på Jesus. Denne trua gav Paulus kraft i motgang, i lidning og forfølgjing. Den trua gav livet hans retning.

Det er denne trua som enno samlar oss i kyrkja, søndag etter søndag.

Det er mykje vi undrar oss over, mykje vi ikkje forstår. Likevel reiser vi oss og seier det saman. Eg trur på Jesus Kristus, Guds einbårne son, vår Herre... Og denne trua gir håp for dagen i dag, retning og meining til livet. Paulus skriv:

*Han har frelst oss og kalla oss med eit heilagt kall, ikkje på grunn av gjerningane våre, men etter sin eigen vilje og nåde, den som er gjeven oss i Kristus Jesus frå evige tider, og som no har vorte openberra då vår frelsar Kristus Jesus kom til jord.*

*Han har gjort ende på døden og ført udødeleg liv fram i lyset ved evangeliet. For det er eg sett til herold, apostel og lærar. Difor er det eg lid, men eg skammar meg ikkje, for eg veit kven eg trur på. Eg er sikker på at han har makt til å ta vare på det som er tiltrudd meg, heilt til dagen kjem. 1. Tim 1,9-12*

Eg forstår ikkje alt Paulus skriv, men eg forstår kven han trur på. Jesus. Han trur eg og på.



**Fleire sat nok ved frukostbordet 10. juli og kikka skeptisk opp mot himmelen. Det var tillyst friluftsgudstjeneste i Vistvik dersom været var bra nok, og det såg slett ikkje lovande ut på morgonen. Tunge skyer, vindråser og tvetydige meldingar.**

*Torbjørn Hovland*

Men det skal truleg mykje til før ein prest frå Færøyane avlyser på

grunn av været, så eit hundretals optimistar kledde godt på seg og tok turen ut i gråværet.

For mange var det første gongen me var nede ved sjøen i Vistvik, og me vart mektig imponerte over det arbeidet vertskapet Johannes og Bodil Nesse hadde lagt ned i førebuing og tilrigging.

Her var lokalt tilskorne sitjeplasser til alle, og alter med kraftig bardu- nert telt over.

I frisk vind kunne så barnebarnet deira, Jonas Myhre, døypast med dåpsvatn frå medbrakt termos, i døypefont av blomsterpryda trekubbe. Me andre fekk nokre få dråpar med yr i håret, det kunne vera ei symbolsk påminning om at Himmelen er open.

Stor takk til familien Nesse for mangfoldig innsats som bidrog til ei stor oppleving i sjøkanten.



## "Fitjar Kyrkjeblad"

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

## Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset  
Postboks 10, 5418 Fitjar

## Redaksjon:

Olav J. Oma (red.)  
Friðleif Lydersen  
Karvel Strømme  
Anne Hardeland  
Rolf-Atle Rolfsnes  
Torbjørn Hovland

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 14. okt. til [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)**

Neste blad kjem etter planen 26. okt. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

**Grafikk:** Henta frå [freepik.com](http://freepik.com) - **Trykk:** Nils Sund Boktrykkeri AS



# Kyrkjelydspresten held det gåande

## Frithleif Lydersen

Eg har nå vore i gong i godt og vel eit halvt år, så eg har fått vore med på mykje spennande. Eg har mellom anna vore med på konfirmasjonsgudstenestene, pinsefest og friluftsgudstenester. I sommar har eg hatt ein del gudstenester og kyrkjelege handlingar, som er ein viktig bit av det å vere prest i Den norske kyrkje. Eg har hatt nokon andakter på KRIK og Ten treff, noko eg skal fortsetja med til hausten. Det er eit privilegium å få formidla evangeliet om Jesus til menneske i alle aldre i glede og sorg.

Eg er med i gudstenesteutvalet, undervisningsutvalet, kyrkjebladredaksjonen og trusopplæringsutvalet, så det er mange spennande oppgåver eg har å jobba med. I nærmaste framtid skal Fitjar kyrkjelyd ha nytt misjonsprosjekt. Fitjar sokneråd har sett ned ei nemnd som skal koma med forslag om nytt misjonsprosjekt,

så i haust kjem vi til å jobba ein del med å finne gode alternativ til nytt misjonsprosjekt.

I juni organiserte diakoninemnda ein tur ut til Engesund fiskeoppdrett sitt visningssenter. Dei som blei inviterte til denne turen var ein del nye landsmenn, som fekk seg ein fin båttur og omvising på visningssenteret.

Eg har hovudansvaret for konfirmantarbeidet i soknet, så det har gått ein del tid med planlegging av dette. Eg har tidligare brukt eit anna konfirmantopplegg enn det vi har i Fitjar sokn, men det blir spennande å skulle bruke Konfirmantbibelen som konfirmantopplegg. Eg har sett meg inn i opplegget og det ser spennande og interessant ut, så eg gler meg til å kome i gong med nytt konfirmantopplegg og nytt konfirmantkull.

Vi skal på diakonitur til Hardanger 29. sep. Det er berre å melde seg på turen.



## Diakoninemnda iviterer til tur

Torsdag 29. sept. reiser vi til Hardanger om vi blir mange nok.

Vi skal ha ei lita andaktsstund på turen.

Vi skal eta ein to-rettars lunsj som består av hovudrett med dessert, inkl. kaffi/te på Ullensvang hotell.

Vi vil prøve å leggje inn moglegheit for å kjøpe frukt på turen.

Pris for turen er 700,-. Alle får giro.

Avreise frå «Teo» kl.09:00 vi tenkjer å vere heime att seinast kl. 20:00.

Frist for påmelding fredag 23. sept. kl.15:00 til kundetorget (53 45 85 00).

Diakoninemnda



# Søndagsskulens dag på Fodno



**Søndag 28.august var rundt 200 små og store samla til søndagsskulens dag på Fodno.**

Astrid K. Prestbø/Torbjørn Hovland

Fitjar søndagsskule har etterkvart ein lang og god tradisjon på samarbeid med kyrkja og Fitjar skulekorps rundt denne dagen, og slik vart det også i år. I tillegg var også Fitjar Sogelag med som arrangør.

Me vart møtt med feiande, friske tonar då me nærma oss bakkane ved skulehuset på Fodno. Fitjar skulekorps var i full gong med oppvarming og øving før gudstenesta. For korpset vart dette ei fin avrunding på øvingshelg og overnattingstur til Fodno frå lørdag til søndag.

Gudstenesta starta med prosesjon der ein del av søndagsskuleborna deltok. Den vart akkompagnert av «Just a closer walk» spela av korpset. Deretter var det song av søndagsskuleborn.

Då me kom til Fodno, vart me på vegen opp til skulehuset møtt av ein flokk med sau. Dagens tekst var frå Lukas 15 om sauene som vart attfunnen. Såleis vart dei grønne bakkane og

sauene som beita rundt ei fin ramme rundt preika.

Skulekorpset gledde oss med mykje fin musikk i gudstenesta og bidrog med musikk til alle salmane.

Etter gudstenesta vart det høve til å grille pølser m.m på bålpannene som stod klare.

Det var laga natursti opp til Ramsberget som er høgaste punkt på øya, 149 moh. På toppen kunne ein nyta den fantastiske flotte utsikten og det vanka premie til alle borna som deltok på naturstien. Nede ved skulehuset kunne ein gå ei blindeløype m.m, eller rett og slett berre leike rundt på dei fine bakkane og utforske det naturen har å by på.

Ein del nytta seg også av tilbodet frå Fitjar sogelag om ei kulturhistorisk guiding rundt på Fodno. Med Inge-

brigt Sørfonn som levande skildra Fodno i både nær og litt fjernare fortid, vart dette ei interessant og fin oppleving for dei som deltok.

Veret var på vår side denne dagen, og sola gløtta fram rett som det var!

Me i Fitjar Søndagsskule vil nytta høvet til å takka kyrkja, Fitjar skulekorps og Fitjar Sogelag for godt samarbeid rundt denne dagen!

Og sist, men ikkje minst: Takk til alle som stilte med båtar, og sytte for trygg og god skyss til og frå Fodno!



## «Kom sol, kom Rein»

**Fitjarfestivalen 2016 ble innledet med en mektig konsert i Fitjar kirke, hvor en opplagt, smilende og sympatisk Trine Rein underholdt en mer enn fullsatt kirke, sammen med sitt band bestående av tre særdeles dyktige musikere, Eivind Kløverud (trommer), Joachim Røsvik (gitar) og Magnus Westgaard (bass).**

*T: Birgit Hobæk F: Torbjørn Hovland*

Innimellom personlige anekdoter, fortalt med glimt i øyet og en smule alvor, ledet Trine Rein oss gjennom en fin miks av rock, country, gospel og ballader. Noen egenkomponerte, andre mer og mindre kjente klassikere.

Trine Rein har vært artist siden 90-tallet, og er kanskje mest kjent for sangen hun startet konserten med, «Just missed the train», som blant annet ble en stor hit i Japan.

Hun har en fantastisk stemme som virkelig kom til sin rett i Fitjar kirke, og hun viste med sin selvsikre og profesjonelle opptreden at hun er en artist av klasse, som man burde lytte mere til.

Karrieren til Rein tok av på 90-tallet, men etter noen år dabbet den litt av, og hun dro til San Fransisco, til sin far, hvor hun livnærte seg som limousinsjåfør, mens hun grublet over hva hun skulle satse på videre i livet. Etter en krangel med sin far dro hun i sinne av gårde i sin røde Camaro, som hun også har skrevet en sang om, og på veien endte hun opp i en kirke i LA. Her hadde hun en sterk religiøs opplevelse. Prekenen handlet om takknemlighet, og hun ble overveldet av en mektig kjærlighet, den kraftigste kjærlighet hun noensinne hadde kjent.

Hun var ikke lenger redd for å dø, men heller ikke redd for å leve.

Etter denne opplevelsen skrev hun sangen «I found love», som mange feilaktig antar er skrevet til hennes livs andre store kjærlighet, friluftsmannen og eventyren Lars Monsen.

Hun fortalte også at hun lot seg døpe igjen som voksen i forbindelse med oppholdet i LA.

Det ble en magisk kveld i Fitjar kirke, med et variert repertoar. Rein siterte produsenten Ole Evenrud som en gang sa: det finnes bare to typer musikk, god musikk og dårlig musikk. Derfor ble vi presentert for et vidt utvalg av musikk av en artist som er motstander av å bli satt i bås. For hva har vel en artist som dette i en bås å gjøre?



Eli Simonsen avsluttet konserten med å si til Trine at hun kom med solen til Fitjar, og burde blitt her lenge.

Vi kan i alle fall håpe på at hun snart vil komme igjen.



## «Festkveld midt i veka»

**Siste temakvelden i august vart me presenterte for tre grannekunstnarar, Irene Simonsen frå Stord på piano, Torstein Hatlevik frå Tysnes med song og operasongarinna Ailie Reid frå nabolandet i vest.**

Anne Hardeland

Torstein ønskte oss «Velkomne med æra» i Geirr Tveit sin versjon, før han førde oss vidare inn i verda av religiøse folketonar og salmar både med song og historie. Eit lydhøyrtpublikum fekk m.a. høyra «Eg veit i himmerik ei borg» og «I himmelen» framført med audmjuk innleving og stor musikalitet, vakkert akkompagnert av Irene med klokkeklåre tonar. Me fekk høyra korleis dei i si tid laga norske variantar av offisielle tyske salmar, der ein vrei så mykje på melodiane at dei ikkje var å kjenna att. Ein avdeling med gjenkjenning og tonar som rørte oss.

Frå Skottland kom Ailie med si særeigne operastemme og fyldige, trillande klåre sopran og gav oss mange perler frå eit allsidig repertoar. Ho likar å syngja songar som betyr noko for folk, og me fekk høyra både kjende songar som «Danny boy», tradisjonelle skotske songar, kjende og meir ukjende operaarar og operettenummer. Heile tida med Irene som dyktig følge i spøk og alvor, dramatik og inderlighet. Det er lett å forstå at Ailie er ettertrakta på ulike scenar.

Innimellom fekk me strålende duettar med henne og Torstein, frå «Perlefiskerne», «Hans og Grete», «Don Juan» til «Tryllefløyten», og det var enkelt å sjå for seg Papageno og Pamino i kjærleiksfull samtale. Presist, melodiøst og fylt av glede i vakker samklang.

«Nocturne» av Edv. Grieg vart framført av Irene så vart og mjukt som denne nattmusikken krev. Frå det sartaste sarte til det fyldige og det rolige. Me skulle gjerne høyrtp fleire soloinnslag av Irene, og håpar det kan bli ved eit anna høve. Ho er ein eminent akkompagnatør som meistrar å følgja solistane i alle sjatteringar av kjensler, med både nydeleg klang og sterk dramatik.

Også Torstein fekk visa si vakre tenorstemme i «Nessun dorma» og «Nella Fantasia». Og både han og Ailie viste stor skodespelarkunst i fleire av innslaga. Det manglar ikkje på drama i opera-verda, og me fekk mange døme på det. Kjærleik, sorg, lidenskap og fortvilning vart uttrykt i vakker og spennande musikk.

Dei omlag 150 tilhøyrarane fekk oppleva stor kunst denne kvelden. Kvalitet, gjenkjenning, musikalitet og eit variert program, fint sambande av små historiar, gjorde oss godt før me gjekk ut i den vakre seinsommarkvelden. Og me seier som Hildegunn Aadland i temakveldgruppa til slutt: «Tusen takk! Fest midt i veka! Fryd for øyra og for sjela!»



Temakvelder  
i Fitjar kyrkje  
hausten 2016



arr.:  
temakveldgruppa/ soknerådet



**29. september  
19.30**

"Kyrkjespråk - høgtid eller kvardag?"  
ved Sylfest Lomheim.  
I kulturhuset.



**12. oktober 19.30**

"Det er godt å vera stille"  
Salmekveld med Fitjar Kyrkjekor.  
I bedehuset



**01. desember 19.30**

Julekonsert med  
Marianne Juvik Sæbø,  
Arne Pareli og Bergen  
Gospelcompagni  
under leiing av Terje  
Kleppe

## Dugnad i kyrkja

No startar ombygginga av kyrkja med nytt galleri for alvor. Me treng mykje dugnadshjelp utover hausten til oppgåver som riving, snekring, maling, rydding m.m.

Ta kontakt med Rasmus Fitjar (918 24 158) eller kyrkjevevjer Harald Rydland (913 47 802) for meir informasjon.

DUGNAD ER KJEKT OG NYTTIG!

## Vipps i kyrkja

No kan du betale med Vipps i kyrkja. Ordninga kan brukast til kollekt, billetter og andre føremål. Brukarnamnet er Fitjar sokn med Vipps-nummer 23412. Skriv i meldingsfeltet kva betalinga gjeld.

## Gjevartenesta

Varm takk til dykk som alt er med! Men me treng mange fleire glade gjevjarar. Me vil svært gjerne behalda kyrkjelydspresten vår, Fridleif Lydersen, ut over dei to åra han førebels er tilsett for. Skal me få det til, og skal me klara halda oppe eit godt ungdoms- og dåpsopplæringsarbeid, må me få mange fleire med på laget. Det skulle absolutt ikkje vera umogeleg! Så langt bidreg snau 30 personar med 12.000 kroner kvar månad. Det gjev eit snitt på 400 kr. i månaden = 4.800 kr. i året. Det er ikkje sikkert at alle kan sjå seg råd til så høge summar. Men det monnar med mindre også. Om t.d. 100 personar gav 150 kr - eller 150 personar gav 100 kroner - i månaden, ville me nå målet vårt om å få inn om lag kr. 300.000,- frå gjevartenesta kvart år. Det vil vera til stor inspirasjon om du tek utfordringa! Sjå nettsida.

## Kjøp ein pipeaksje

No kan du få kjøpe aksjar i pipene i det nye orgelet. Du får aksje i ei spesiell pipe, og kan få høyra lyden i den når orgelet er montert. Utover hausten vil det eg verta lagt ut gamle orgelpiper for sal til dei som vil sikra seg eit klenodium.

Ta kontakt med kantor Jan Overweg (901 97 069) for meir informasjon og hjelp.

N.B.

Dei som har gitt pengar til orgelet tidlegare vil få tildelt pipeaksje.

## Den gode hyrdingen

Laurdag 27.sept samla vi, for første gong, 13 5-åringar til «Den gode Hyrdingen», på bedehuset. Vi høyrde frå bibelen, song, laga sauar og åt ilag.

## Kyrkjevandring

Laurdag 3. sept var det igjen klart for kyrkjevandring for 4-åringane. Vi var 16 born og like mange vaksne som såg oss om i kyrkja og kosa oss med bollar og saft. Utdeling av Mi kyrkjebok vert den 25. sept på bedehuset.

## Jubileumsbok

Redaktør Kjetil Rydland og designar Aud Gloppen held no på å slutføra arbeidet med kyrkja si jubileumsbok.

Boka får tittelen «SÅ FAST EI BORG» med undertittel Fitjar kyrkje 150 år.

Praktboka vert lagt ut for sal i slutten av oktober og får ein pris på kr 400.


Dette må verta årets julegåve i Fitjar.



## Kyrkja stengd

Det høyrast dramatisk ut. Men det er berre for ein liten periode, og vi ventar på noko godt. Når kyrkja er stengd, vert galleriet rive, og bygd på nytt. Kyrkja skal opne att i advent og juletida. Etter nyttår held arbeidet med det nye orgelet fram og etter planen skal instrumentet stå ferdig i mars månad.

Mens kyrkja er stengd er det ikkje slutt på kyrkjelege handlingar. Vi har eit flott bedehus i Fitjar sentrum. Og fram til advent blir alle kyrkjelege handlingar flytta hit. Her vil det bli forretta dåp og nattverd, og gravferd når det blir trong for det.



## Det nye orgelet

Litt nord for Kalmar i Sverige byrjar det nye orgelet til Fitjar kyrkje å ta form. Orgelhuset, spelepulten, spelemekanikken, lufttilførsel til pipene, alt er snart på plass. Tusenvis av deler blir nøye lagt av dyktige medarbeidarar hos Ålems orgelverkstad.

*Jan Overweg*

Ved besøket i Sverige i juni vart eg imponert over kvaliteten på materialar og arbeidet. Her er det ikkje tvil om at dei kan faget sitt. Instrumentet ruver der det no tek form i den tidlegare møbelfabrikken i den vesle bygda Blomstermåla. Sidene på orgelhuset er meir enn 3 meter høge - fasaden heile 4,5 meter. Bakom fasaden blir det plass til dei nærmare 1400 orgelpiper.



Snart gjenstår det å ta alt til Fitjar og byggja det opp att når det nye galleriet i kyrkja er ferdig. Etter nyttår blir orgelhuset malt og deretter kjem pipene på plass. Innviing av orgelet er planlagt søndag 26. mars.



## Program for bedehusa

### ØVREBYGDA BEDEHUS

- 18.09. kl. 19.30 Haustfest  
m/Ola Malvin Lomheim
- 25.09. kl. 17.00 Kveldsmat på bedehuset
- 09.10. kl. 16.00 Song- og musikk møte Gideon  
Terje & Else Marit M. Koløen
- 12.-16.10. Møteveke  
v/Aksel Ingvard Johannessen
- 23.10. kl. 19.30 Song- og musikk møte  
Harald Rydland m.fl.
- 25.10. kl. 18.00 «Gamlebasaren»
- 30.10. kl. 11.00 Gudsteneste v/Olav J. Oma

### STRANDA BEDEHUS

- 16.09. kl. 19.30 Møte IMS v/Kåre Johan Hamre
- 11.10. kl. 19.30 Møte Kristen Muslimmisjon  
v/Gudleik Himle

### FITJAR BEDEHUS

- 14.09. kl. 19.30 Bibeltime v/Håkon C. Hartvedt
- 18.09. kl. 19.30 Bibeltime v/Håkon C. Hartvedt
- 21.09. kl. 18.00 Basar NMS
- 24.09. kl. 18.00 Laurdagskveld
- 25.09. kl. 19.30 Søndagsmøte m/forbønstund
- 28.09. kl. 19.30 Nattverdmøte
- 05.10. kl. 18.00 Basar Indremisjonsforeningen
- 09.10. kl. 19.30 Søndagsmøte
- 16.10. kl. 19.30 Søndagsmøte
- 19.-23.10 Møteveke NLM  
v/Anne Kristine Rosberg
- 26.10. kl. 19.30 Nattverdmøte
- 30.10. kl. 11.00 Storsamling
- 01.-06.11. Møteveke Indremisjonen  
v/Marie Lode

Sjå òg [www.fitjar-bedehus.no](http://www.fitjar-bedehus.no)



**EL-PROFFEN**

www.los-elektro.no  
firmapost@los-elektro.no  
53 42 21 00



Tlf.: 53 45 89 70 - Fax.: 53 45 89 80  
Internett: www.mestervindu.no

**||| GSE SANDVIK AS**

55 60 18 20



**FITJAR  
SJØ OG CAMPING**

Din Catering leverandør

Telefon:  
41 42 80 38 (Randi)

E-post:  
fitjarcamping@haugnett.no



VAREHUSET

Velkommen til ein triveleg handel på Fitjar



lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.

53 49 73 07  
53 49 73 09

www.rydland.as post@rydland.as

**joker**  
- Rydland 53 49 74 40

**Duo**

OPNINGSTIDER:

Man-tys-fre: ..... 9-16

Ons-tor: ..... 9-18

Laurdag: ..... 10-14

No kan du bestille time på nett:  
www.ledigtime.no

Tlf. 53 49 79 72



OPNINGSTIDER

Mån,tirs, fre..... 9-16

Ons,tors..... 9-18

Laur (kun drop-in).. 10-13

Fiks frisyren  
hos oss!

Treff oss i 2. etg  
i Larsen bygget

For timebestilling ring:

**53 49 78 90**

**AARBØ & KORSVIK  
FORSKALING**

TLF:  
916 46 123



**GRONAVIKJO UTVIKLING AS**

Vestbøstad - 5419 Fitjar  
90 12 02 81



Sjøtroll Havbruk AS  
Vestbøstad - 5419 Fitjar  
919 11 800

**Vesthaugane**

www.vesthaugane.no  
Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58



Mobilnr:  
975 02381



Mobilnr: 951 89950



**STEINGARD AS**  
Postboks 11, 5418 FITJAR  
Telefon 916 67961

**Fitjar-Posten**

E-POST: tips@fitjarposten.no - MOB: 481 51 491

www.fitjarposten.no



Fitjar  
Bygdekvinne

**Susflidskron**

Tlf: 53 49 79 60



53 45 72 00  
\*  
53457220  
(fax)

**Fitjar Mekaniske Verksted AS**



**FITJAR**

småbåt & fritidsservice

- Me kan fritid

Årskog, 5419 Fitjar 944 30 500 <http://www.fitjarbaat.no/>

**SPAR**



Kalveid, 5419 Fitjar  
[www.kvernenesbaat.no](http://www.kvernenesbaat.no)  
Telefon: 918 18 157  
baatbygg@online.no



**Hatlevik Rør AS**

Tlf: 53 49 93 15



Sko – Gåver – Leiker

Kom: Norsk Tipping  
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61



Fitjar  
**FJORDHOTELL**  
Tlf. 53 45 77 00

**Videoen  
Kiosk**



**Engevik &  
Tislevoll a.s**

Byggmester og Entreprenørfirma  
Tlf. 53457300. Fax. 53457310

Vågen's kro  
og catering

48 04 19 09



**Aarskog  
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR  
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

**REMA 1000**

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



**AUTO  
SERVICE AS**

Tlf. 53 49 71 21

Godkjend bilverkstad EØS-kontrollar

**HEIMLI**  
SHIP DESIGN



**SparebankenVest**  
- satsar på Vestlandet

Avd. Fitjar – Tlf. 0555

*Galleri  
Flora as*



Opningsstider:

Måndag - onsdag ..... 09.00 - 16.30

Torsdag - fredag ..... 09.00 - 18.00

Laurdag ..... 09.00 - 15.00

Midt i Larsenbygget, Fitjar sentrum  
Tlf. 53 49 95 00

**Blomster - Gaver - Gravminner**



Syng med oss !

**OSTERNES MANNSKOR**



# Slekters gang

## **Døyppte:**

19. juni:

Aksel Rimmereid  
Matheo Thorland Helland  
Julie Maraa

26. juni:

Hedda Haukeland

10. juli:

Jonas Myhre

17. juli:

Frida Rimbereid

24. juli:

Aleksander Vestbøstad  
Lava-Lovise Handeland Eide  
Nora Olivia Straume Fogliani

31. juli:

Mari Helland-Jooste

07. august:

Asbjørn Isdahl

28. august:

Jenny Sofie Vågen,  
døyppt i Austevoll

## **Vigde:**

18. juni:

Åshild Louise Muri Slettebø og  
Svein Erik Lindø

02. juli:

Emilie Hovstad Fjalsett og  
Bjørnar Ruberg Ekra

19.07:

Solrunn Irene Kvamen og  
Kenneth Nedal

23.07:

Martine Patricia Moore Edvardsen  
og Karl-Olav Lunde

30. juli:

Lillian Kjørberg og  
Stian Torland

Nils Arve Helland og  
Hanne Emilie Heggøy

20.08:

Elisabeth Søndena og  
Håvard Oma Sele

27.08:

Wenche Natland og  
Remi Helland

Sissel-Kristin Hugøy Åsheim og  
Ivar Dyrset Åsheim

Torill Tufteland og  
Åsmund Øpstad, Kyrkjeleg velsigning

## **Jordfeste:**

Turid Elisabeth Hovland

f: 28.04.1946 d: 23.06.2016

Aslaug Margit Gloppen

f: 20.04.1927 d: 03.07.2016

Johannes Landa Nesbø

f: 03.04.1952 d: 12.07.2016

Ingeborg Marie Tufteland

f: 14.03.1922 d: 13.07.2016

Anton Lars Siglen

f: 02.11.1924 d: 27.07.2016

Johannes Hatlevik

f: 18.01.1944 d: 31.07.2016

Laura Skumsnes

f:24.03.1916 d:31.07.2016



# Gudstenesteliste

Søn. 18.09.	11.00	Hovudgudsteneste, Fitjar bedehus med 50-årskonfirmantar ved Fridleif Lydersen. Takkoffer til stillinga som kyrkjelydsprest.
Søn. 25.09.	11.00	Familiegudsteneste, Fitjar bedehus med utdeling av 4-årsbok ved sokneprest Olav J Oma. Takkoffer til Søndagsskulekrinsen.
Tor. 29.09.	19.30	Temakveld på Fitjar kulturhus, seniorsenteret med Sylfest Lomheim.
Søn. 02.10.	11.00	Hovudgudsteneste, Fitjar bedehus ved Olav Johannes Oma. Takkoffer til ACTA.
Søn. 09.10.	11.00	Hovudgudsteneste, Fitjar bedehus ved Olav Johannes Oma. Takkoffer til Bildøy bibelskole.
Ons. 12.10.	19.30	Temakveld, Fitjar bedehus "Det er godt å være stille" Salmekveld med Fitjar kyrkjekor
Søn. 16.10.	11.00	Hovudgudsteneste, Fitjar bedehus, ved kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Søn. 23.10.	11.00	Haustattakkefest, Fitjar bedehus, ved sokneprest Olav J Oma. Takkoffer til TV-aksjonen, Røde Kors.
Søn. 30.10.	11.00	Hovudgudsteneste på Øvrebygda bedehus ved Olav Johannes Oma
Søn. 06.10.	11.00	Hovudgudsteneste, Fitjar bedehus, ved Olav Johannes Oma og Fridleif Lydersen. Takkoffer til Diakoninemnda.
Søn. 13.10.	11.00	Familiegudsteneste, Fitjar bedehus, med barnegospel ved Olav Johannes Oma. Takkoffer til Stefanusalliansen.
Søn. 20.10.	11.00	Hovudgudsteneste, Fitjar bedehus, ved Fridleif Lydersen. Takkoffer til Israelsmisjonen.